



RAULAND HISTORIELAG

Årsmelding for 2022.

Styret har hatt følgjande samansetjing etter årsmøte 21.03.22:

Leiar Toril Nicolaisen

Skrivar Frøydis Fossli

Kasserar Øyvind Solbakken

Styremedlem Tore Tjønn

Styremedlem Birger Kjellingtveit

Styremedlem Bjartmar Nordjordet

Varamedlem Solveig Loftsgarden

Varamedlem Gunn Gardsjord

Bjartmar Nordjordet bad seg friteken for vervet som varamedlem i styret pga arbeidssituasjonen. Det er ikkje kome inn nokon i staden hans.

Arbeidet i laget.

Styret har hatt 7 styremøte. Det er arbeidd med ulike saker. Temakveldane er tilbake som før koronaen.

Medlemstalet i laget var 158 ved årsskiftet.

Temagruppa.

Temagruppa har fem medlemmer: Asbjørn Gardsjord (leiar), Birger Kjellingtveit, Kari Halsten, Sindre Hestdalen og Herdis Lien.

Temakveldane blei arrangert i Vesaassalen på Raulandsakademiet.

15.02.22 Driftedalen Bitdal ved Margit og Ottar Romtveit.

15.03.22 Tilbakeblikk på eit journalistliv ved Bjørn Bø.

14.04.22 Tamrein og villrein i nærområde ved Kjell Bitustøyl.

20.09.22 Harald Kihle med kvinnebilete som tema ved Åsta Ø.Kostveit.

18.10.22 Historien om Eivind Gardsteig - Frå Arabygdi til polititroppane ved Signe Gardsteig.

15.11.22 Gamle hotell og pensjonat i Vinje og Rauland ved Thomas Nebb.

Turar.

08.06.22 Ettermiddagstur til bygdeborg på Grønlihei ved Magne Ljosdal kl. 17.00.

15 stk var med på turen.

09.08.22 Tur til Åmdals Verk gruver. Guiding og gruvevandring ved Unni Bendiksen.

12 stk var med på turen.

Tur til Treungen og Z-museum blei utsett pga sjukdom. Denne vil etter planen bli gjennomført i 2023.

Olsokvandring.

Som tidlegare er dette eit samarbeid med Rauland sokneråd. Om lag 50 personar deltok. Historielaget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknerådet syter for olsokgraut. Grauten blei servert etter messa.

Det var stopp ved desse gravene i år:

- Anne Aksvik v/ Marit Vaagen Lilleland
- Olav Kvammen v/ Birger Kjellingtveit
- Olav Storlid v/ Ragnhild Storlid
- Kjersti og Gutte Stondi v/ Johannes Skinnarland
- Martha Fundlid v/ Åsta Ø. Kostveit

Gudrun Gardsjord var også i år med å tok seg av lydanlegget under vandringa.

Bokutgjeving i 2022.

Historielaget gav i 2006 ut boka: Bitdal -frå flint til kilowatt. Boka har vore utseld i mange år. Det har i 2022 kome ei ny bok med same namn. Denne er eit opptrykk av boka frå 2006, men med fleire nye artiklar og bilete m.a. tekne av Martin Taksdal og utlånt av Margit og Ottar Romtveit. Det var boklansering på Telemarkstunet 03.12.22 der Johan Vaa deltok saman med Margit og Ottar Romtveit.

Stadnamns prosjekt i Vinje kommune.

Vinje kommune og Norsk Språkråd løyvde midlar til digitalisering av stadnamn i Vinje kommune. Prosjektet starta opp i des. 2019 i regi av Vest-Telemark Museum saman med folk frå historielaga i kommunen og andre interesserte. Birger Kjellingtveit la i 2020 inn alle namna frå Rauland med kartfesting digitalt - til saman 3 300 – med forklaringar og informantar. Prosjektet er sett litt på pause då prosjektleiar Per Ormestøyl arbeider ved Arkivverket.

Boksal 2022.

Salet av bøker har gått jamt og trutt. Sals stader er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Kviteseid Bok og papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika Bø, Snarkjøp i Åmotsdal og Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til post@raulandhistorielag.no

Lagets heimeside – raulandhistorielag.no

Heimesida har opplysingar om aktiviteten i laget så som temakveldar, turar og andre arrangement. På heimesida er det også ei samling av gamle bilder. Der er elles informasjon om laget. Birger Kjellingtveit er ansvarleg for drift og oppdatering av heimesida.

Økonomien i laget.

Økonomien i laget er god. Rekneskapen syner eit «underskott» på kr. 28.223,18 i 2022 og bankinnskott kr 644.147,23 pr.31.12.2022. I sistnemnde beløp er kr. 250.000 tilskott knytt til eit prosjekt og desse er såleis ikkje laget sine frie midlar- frie midlar utgjer kr. 394.147,23.

Støtte frå :

1. Tinn Sparebank kr. 8.500,-
2. Vinje kommune kr. 10.000 til Bitdalsboka. .

Støtte til:

1. Rauland bygdekvinnelag k. 1.000,- til kulturinnslag i kyrkja i samband med årsmøte i Telemark bygdekvinnelag 12.03.22.
2. Minnemarkering for Jarand Rønjom kr. 5.000,- i samband med 200-årsjubileum for fødselsåret hans.

Lokalhistorisk arkiv.

Frøydis Fossli er tilsett i 20 % stilling i Vinje kommune med ansvar for kommunens lokalhistoriske arkiv på Raulandsakademiet.

Takk for godt samarbeid.

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

Rauland mars 2023.

For styret i Rauland Historielag

Toril Nicolaisen